



ERLEND BALDERSHEIM
UNIVERSITETSLEKTOR
UNIVERSITETET I BERGEN
DET JURIDISKE FAKULTET

5. mai 2008

Til
Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale, endringar i odelslova m.m.

Eg viser til dykkar høyringsbrev dagsett 5. februar 2008, og ønskjer å koma med følgjande synspunkt kva gjeld dei føreslegne endringane i odelslova m.v. Eg avgrensar meg til å kommentera nokre særskilde punkt:

1. Dagens rettstilstand, årsaks- og ansvarsforhold

I Høyringsnotatet s. 8 vert det presisert korleis dagens rettstilstand er. Kravet i odelslova § 2 er lagt ut som eit minimumsvilkår, og så kjem odelslova § 1 sitt krav om at eigedommen «kan nyttast til landbruksdrift» som eit tilleggsvilkår. Dette tilleggsvilkåret er i realiteten ei heilskapsvurdering med særleg fokus på eigedommen si økonomiske avkastningsevne. Sluttsteinen i denne rettspraksisen er Rt. 2007.552 (Lid i Lindås). Dei andre dommane er inntekne i Rt. 1998 s. 450, Rt. 2000 s. 1634, Rt. 2001 s. 561 og Rt. 2002 s. 112. I tillegg er ein god del saker nekta fremja for ankebehandling, sjå seinast HR-2008-367-U.

I denne samanhengen er det viktig å formidla til den lovgjevande forsamlinga at Høgsterett gjennom den rettspraksisen domstolen har ansvaret for, etter mitt grunngjevne syn gjennomgåande har bygt på ein mangelfull rettskjeldebruk. Allment kan seiast at domstolen gjennom dommane i for liten grad har sett seg inn i det relevante rettskjeldematerialet frå 1974. Delar av rettskjeldematerialet er endåtil tagd vekk. Dette kan seiast å visa ein mangel på respekt for lovgjevaren sine prioriteringar. Høgsterett har heller ikkje halde seg på nokon god måte til eit breiare sett av legislative vurderingar, som alle skulle tilseia at domstolen sitt tolkingresultat er uheldig.

I manuskriptet «*Objektet for odelsrett og åsetesrett. Ein kritikk av Høgsterett sin praksis*» har eg gjeve ei omfattande underbygging av desse synspunkta. Gjennom ein

analyse av Høgsterett sin rettskjeldebruk og måte å argumentera på, har eg dokumentert at det nok helst er Høgsterett sjølv som har ansvaret for den rettstilstanden som domstolen i dommen om Lid (avsn. 51, jf. Høyringsnotatet s. 22) har bede lovgjevaren om å endra. Manuskriptet er under utgjeving på Cappelen Akademisk Forlag. Frå den samla konklusjonen i boka tek eg inn:

«I den grad Høgsterett har freista å avklara og utvikla rettstilstanden ved tolkinga av odelslova § 23 jf. §§ 1 og 2, har dette forsøket etter mitt syn vore feilslege. I staden må det vera slik at dommane – dit dei har ført rettsutviklinga – representerer eit åtak på odelsretten og åsetesretten. Dynamikken i det heile er i tillegg slik at Høgsterett bed lovgjevaren om å endra odelslova § 1. Åtaket kan altså gå mot siger. Etter mitt syn har Høgsterett drive ikkje berre ei *rettsutvikling* i dette spørsmålet, men også ei *rettsskapning* som går ut over rammene for kva me rettsleg sett kan akseptera. Spørsmålet om odelsrett og åsetesrett på gardane skal avgjerast gjennom ein open og demokratisk politisk prosess, slik det vart gjort i 1974. Fem dommarar i Høgsterett fekk ikkje dette i hendene då lovgjevaren fastsette odelslova § 23.»

Eg ser det som naudsynt at desse forholda kjem fram. Lovgjevaren skal ta standpunkt til den nedre grensa for kva som skal vera odlingsjord på fritt grunnlag, og det er viktig at ein ikkje skapar eit inntrykk av lovgjevingspolitiske bindingar eller tidlegare rettstilstand som det ikkje er dekning for.

Eg trur også det er av verdi at lovgjevaren vert kjend med desse forholda av ein annan grunn. Dei seinare åra har det stadig klarare vorte uttrykt at Høgsterett si hovudoppgåve er å verka for rettseinskap, rettsavklaring og rettsutvikling. Særleg då den nye tvistelova vart vedteken, var synspunkt av denne typen i fokus. Eg er ikkje usamd i denne hovudoppgåva. Men det er på den andre sida viktig at lovgjevaren får tilbakemelding på korleis Høgsterett utfører denne oppgåva. Me kan ikkje nøya oss med å fastsetja ei oppgåve for den øvste domstolen utan å evaluera korleis domstolen ivaretek – eller er i stand til å ivareta – denne oppgåva.

2. Kjem dommen om Lid i Lindås med noko nytt?

Det er også viktig at den eller dei som førebur lova har eit klart bilete av kva for rettskjeldemateriale som ligg føre. I Høyringsnotatet s. 22 er det i så måte opplyst noko som bør kommenterast. Etter å ha referert Rt. 2007.552 (Lid i Lindås), som handlar om heilskapsvurderinga av kva som kan nyttast til landbruksdrift, heiter det at «[d]ette er ikke nytt». Eg er ikkje samd i at dette – dvs. synspunkta i dommen om Lid i Lindås – ikkje er nytt. Tvert om er dommen om Lid i Lindås den første dommen frå Høgsterett som underkjente ein tradisjonell, mindre landbrukseigedom som objekt for odelsrett. På dette punktet veik Høgsterett frå resultat og synspunkt i to tidlegare dommar om liknande typetilfelle.

Den første dommen er Rt. 1987.1231 (Hjelmeland). Her var det om lag tre dekar dyrka jord på ein teig, i tillegg kom om lag 20 dekar beite på ein annan teig. Samla var eigedomen nærare 80 dekar. Driftsform var tradisjonelt sauehald med om lag 10

vinterfôra sauer. Høgsterett la m.a. vekt på at andre bruk vart drivne på eit tilsvarande beskjedent grunnlag. Og jamvel om tilskottet (overskottet) ville vera lite, meinte Høgsterett at det «må anses tilstrekkelig til å vise at landbruksdrift på eiendommen fremdeles kan være aktuelt». Odelsretten var difor ved lag.

Den andre dommen er Rt. 2000.1634 (Store Døvik). Eigedomen låg i Strand kommune, hadde 21 dekar jordbruksareal og 216 dekar utmark. Han låg i eit jordbruksområde. Drifta hadde vore tradisjonelt sauehald med om lag 20 vinterfôra sauer. Driftsplanen var å halda fram med sauehald eller å starta med fruktdyrking. Odelsretten var ved lag. Retten sa at odelslova byggjer på den føresetnaden at mindre jordbrukseigedomar med allment godt jordbruksland som overstig arealgrensa, i utgangspunktet stettar krava til odlingsjord «med mindre det foreligger spesielle grunner som gjør at eiendommen likevel ikke kan påregnes nytt til landbruksdrift».

I dommen om Lid likna eigedomen på desse to tidlegare sakene. Eigedomen låg i eit landbruksområde, det hadde vore drift inntil for nokre år sidan, jordbruksarealet var ved lag. I tillegg var det planar om skogsdrift. Det som kjenneteiknar Høgsterett si tilnærming i denne dommen, er det ein-sidede fokuset på *økonomi* i drifta. Spørsmålet er ikkje om det er pårekneleg/sannsynleg/realistisk at den driftsplanen som er skissert kjem til å verta gjennomført. I staden er spørsmålet om drifta vil gje eit tilstrekkeleg overskott. Og er det ikkje tilstrekkeleg overskott, så er det per definisjon ikkje «realistisk at ein fornuftig person vil erverva eigedomen med sikte på landbruksdrift». Følgjande sitat viser på ein klar måte korleis Høgsterett fokuserer på *økonomi*, og ikkje på sannsynet for drift:

«Slik jeg ser det, gir utviklingen for mindre bruk med slike naturgitte forhold som Lid har, *heller ikke grunnlag for å si at slik produksjon vil kunne forventes å bli lønnsom i et lengre tidsperspektiv*» – Rt. 2007.552 (avsn. 43).

Konklusjonen er difor at Høgsterett i dommen om Lid kjem med noko «nytt». Særleg er det verd å merkja seg at saksøkjaren (odelsrettshavaren) positivt ville jamføra situasjonen med den tidlegare dommen frå 2000, om garden Store Døvik. I drøftinga til Høgsterett vert derimot denne dommen tagd vekk. Eg kan ut frå dette ikkje sjå at det er grunnlag for høyringsnotatet sitt standpunkt akkurat i dette spørsmålet.

3. Skal addisjonssynspunktet verkeleg takast ut av lova?

I Høyringsnotatet s. 24 heiter det: «En arealgrense som skal gjenspeile eiendommens produksjonsgrunnlag og danne grunnlag for odling eller boplikt, bør forankres i *produktive landbruksarealer*. *Begrepene i gjeldende odelslov er utformet med det for øyet*» (mi utheving).

Etter mitt syn er det synspunktet som kjem fram i andre setning i dette sitatet ikkje treffande eller riktig. Odelslova byggjer på kva me kan kalla eit *addisjonssynspunkt*. Odelslova krev for det første eit visst minimum av jordbruksareal («produktive landbruksarealer» som er uttrykket i Høyringsnotatet s. 24). Dette minimumet er oppgjeve til *fem dekar*, sjå odelslova § 2 andre avsnitt. Vidare opnar lova for at inntil

75 % av egedomen sin «produksjonsmessige verdi» kan koma frå tilleggsverdiar som kjem på toppen av desse fem dekar jordbruksareal. Dette kjem fram av lova sitt uttrykk «anna areal, rettar og lunnende» i odelslova § 2 første avsnitt. Desse tre kategoriane kan vera med på å gje egedomen den tilstrekkelege «produksjonsmessige verdi».

Av «anna areal, rettar og lunnende» kan typisk tenkjast t.d. skogsareal, partar i fjellsameige, allmenningsrett, fiskerettar, vassfallsrettar, festeinntekter, strandrettar eller rett til landslott. Odelslova § 4 byggjer på at ein foss, ei elv eller eit vatn er under odelsrett saman med egedomen. Regelen har vidare som føresetnad at ein jaktrett over framand egedom kan odlast saman med egedomen. Og til slutt seier § 3 at eit industrielt føretak som må reknast som «tilhøyrsløse» til egedomen, følgjer odelen på egedomen.

Departementet sitt framlegg om å knyta odelsobjektet *einast* til 25 dekar overflatedyrka jord (eller 350 dekar produktiv skog), vert på denne bakgrunnen *ei vesentleg endring av odelslova sitt system, med langt større legislative implikasjonar enn kva som kjem fram i Høyringsnotatet*. Det er to poeng som må haldast fram: (1) addisjonssynspunktet i dagens odelslov viser at lova sitt system ikkje på nokon måte byggjer utelukkande på dei produktive landbruksareala, og (2) det å fjerna addisjonssynspunktet frå lova, kan ha store følgjer.

Det siste poenget illustrerer seg nesten sjølv. Eg tek ein typisk vestlandsgard som døme. Dersom egedomen har 20 dekar overflatedyrka areal, 80 dekar beite, 150 dekar produktiv skog, 300 dekar anna utmarksareal, part i ei større fjellsameige (typisk store beitestrekningar), vassfallsrettar og egedomsrett til eit vatn, skal han etter departementet sitt framlegg *ikkje vera under odelsrett*. Dette gjeld sjølv om produksjonsgrunnlaget på denne egedomen opplagt er *vesentleg større* enn på den naboeigedomen som har 26 dekar overflatedyrka jord, og ikkje noko anna. På dette punktet finn eg Departementet sitt framlegg dårleg tilpassa dei mange og skiftande realitetane som lova skal normera. Dette var då også noko av grunnen til at odelslova i 1974 vart forma slik ho vart. Den nedre grensa på fem dekar jordbruksareal vart sett fordi Departementet sitt dåverande framlegg (om ei nedre grense på 10 dekar jordbruksareal), var noko for høg til at ho høvde alle stader i landet, sjå Innst. O. nr. 60 (1973-1974) s. 3.

På same måten er det framleis i dag. Slik mange av egedomane er utskifte, er det eit mangfald av ulike utnyttingsmåtar – så å seia frå fjord til fjell – som kan tenkjast. Eg ser særleg at dei bruka som driv med sau, men også geit og kyr, kan verta lidande under det systemet som Departementet sitt framlegg legg opp til. For eit slikt beitekrevjande husdyrhald trengst beiteland, medan behovet for dyrka jord til å hausta grovfôr er ikkje så påkravd. Det viktigaste er at dyra har beiteland vekke frå den dyrka jorda, slik at *den* kan brukast til å produsera fôr i vekstsesongen.

Eg kan heller ikkje sjå noko meir avgrensa, rettsteknisk grunnlag for å ta ut addisjonssynspunktet frå odelslova. Det har i dommane ikkje valda tvil kva som må til for å oppfylla den «produksjonsmessige verdi» som lova krev i odelslova § 2 første avsnitt. Realiteten i Høyringsnotatet synest å vera at konsesjonslova sitt meir

skarpskorne system (20 dekar/100 dekar) vert overført inn i odelsretten. Men dette kan vanskeleg gjerast utan å analysere om grunnane som ligg bak odelslova sitt system gjer seg gjeldande også i dag. Eg kan ikkje sjå at Høyingsnotatet drøftar dette spørsmålet.

4. Addisjonssynpunktet i odelslova § 2 første avsnitt har noko for seg

Det vert ei påtakeleg spenning mellom Departementet sitt framlegg om å ta ut addisjonssynpunktet av lova, og *dagens landbrukspolitiske prioriteringar*. Ser me nærare på dagens landbrukspolitikk, finst det ikkje noko skilje mellom tradisjonell produksjon av landbruksprodukt (knytt til jordbruksarealet) og ei meir nyskapande utnytting av breidda i eigedomens ressursgrunnlag. Det er i det heile eit politisk mål at større delar av ressursgrunnlaget på eigedomane vert teke i bruk. Då Stortinget sist handsama landbrukspolitikken i breidt omfang, peika stortingskomiteen på at:

«I vidareutviklingen av landbruksnæringa ... blir [det] viktig å legge forholdene til rette for å ta i bruk en større del av ressursgrunnlaget på landbrukseiendommene og de menneskelige ressursene knyttet til bruket» – Innst. S. nr. 167 (1999-2000) Innstilling fra næringskomiteen om norsk landbruk og matproduksjon s. 26 første spalte.

Av dei ressursane som vart nemnte, var ressursar i utmark. Stortingskomiteen meinte at slike kunne vera viktige bidrag til å sikra inntektsgrunnlaget for landbruket. «Utmarksressursene kan ha stor kommersiell betydning ... som et supplement til mer tradisjonell utnytting av utmarka,» var komiteen sitt syn (Innst. S. nr. 167 s. 26). Denne utsegna kom i forlenginga av stortingsmeldinga om landbrukspolitikken. Der heiter det m.a. at:

«Mulighetene for kommersiell bruk av utmarksressursene omfatter blant annet utleie av jakt- og fiskerettigheter, høsting/oppdrett og videreforedling av ferskvannsfisk og høsting av urter og bær for salg. Det ligger også betydelige muligheter i å kombinere slike bruksformer med ulike former for turisme» – St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon pkt. 5.5.5.

Den same prioriteringa kom også fram i den gjennomgangen av skogbrukspolitikken som var føreteken ikkje lenge før. I stortingsmeldinga om skogsektoren frå 1998 heiter det:

«Skogarealene og utmarksressursene representerer betydelige verdier, og kan i større grad enn i dag gi grunnlag for et variert tilbud av varer og tjenester. Dette gjelder også de deler av arealet som for tiden ikke er aktuelle for virkesproduksjon. Inntekter fra jakt, fiske og turisme m.m. kan øke det økonomiske bidraget til den enkelte eiendom... Verdiskaping basert på andre ressurser enn trevirke må få en mer betydningsfull plass i strategier for næringsutvikling i distriktene» – St.meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren pkt. 6.1.1.

Samla sett er det på den eine sida eit mål at desse ressursane vert tekne i bruk og forvalta på ein fornuftig måte for eigedomane og grunneigarane sin del. Slik vert grunnlaget for anna drift på eigedomen sikra. Men at ressursane i utmark vert tekne i bruk og gjort tilgjengelege for ålmenta, er på den andre sida også ein slik produksjon av fellesgode som me ønskjer og *forventar* at landbruksnæringa *skal* stå for. Dette er ei side av landbruket si «multifunksjonelle oppgåve», som eg ikkje treng å gjera nærare greie for her.

Andre ressursar kjem også inn i dette biletet. For eigedomar som ligg til kysten, kan marine ressursar og nye utnyttingsmåtar i tilknytning til slike vera relevante som «landbruksdrift». Ved gjennomgangen av landbrukspolitikken kom stortingskomiteen inn på at tilleggsinntekter frå sjøen er like viktige somme stader, som inntekter frå skog og utmark andre stader. Deretter peika komiteen på:

«de store framtidsmulighetene for verdiskaping som ligger i marin produksjon... Grunneiere med sjø- og strandrett tilknyttet landbruksnæringen må stimuleres til å utnytte de nye mulighetene som oppdrett av ulike arter åpner for» – Innst. S. nr. 167 s. 25 andre spalte.

Nye måtar å bruka tre og planter til produksjon av miljøvennleg bioenergi, kjem også inn her. Det er eit politisk mål å auka produksjonen av bioenergi med 100 % innan 12 år. I ein offentleg «Strategi for økt utbygging av bioenergi» (Dokument lagd fram av Olje- og energidepartementet 1. april 2008) heiter det m.a. at «[r]essurspotensialet i landbruket gir store muligheter for økt produksjon av bioenergi». Strategien peikar på skogsressursar som særskilt viktige i denne samanhengen, både slikt som alt vert nytta i dag, men også delar av virket som det så langt ikkje har funnest bruksmåtar for. Vidare nemnest at det er eit nokså stort potensial for å utvikla bioenergiproduksjon på basis av andre ressursar frå landbruket, som t.d. husdyrgjødsel og avfalls- og biprodukt frå dagens matvareproduksjon. I dette biletet kan ein ikkje utan vidare definera ut eit kvart skogsareal på mindre enn 350 dekar produktivt areal som ein *komponent* i spørsmålet om eigedomen *med sitt samla ressursgrunnlag*, skal vera odelseigedom.

Samla kan ein klart slå fast at «landbruksdrift» i dag inkluderer ei breiare utnytting av eigedomen sitt ressursgrunnlag, i tråd med kva som er naturleg for eigaren på eigedomen, og ønskjeleg frå eit samfunnsperspektiv. I dette biletet kan eg *ikkje sjå grunnlag å ta ut addisjonssynspunktet frå odelslova*.

5. Grunngevinga i Høyringsnotatet

I Høyringsnotatet s. 24 er det grunngeve kvifor Departementet vil byggja på omgrepa «fulldyrka og overflatedyrka jord» (heretter: «dyrka jord»). Det vert nemnt at det er stor skilnad på avkastninga frå dyrka jord og frå beite. Departementet meiner det kan vera pårekeleg at ein eigedom med dyrka jord kan verta drivne i framtida. Deretter heiter det at avkastninga frå gjødsla beite/innmarksbeite er mindre, og at det sjeldan vil vera pårekeleg at eigedomar «*som bare består av slike arealer*» vil verta drivne som sjølvstendig landbrukseigedom i framtida.

Problemet med denne argumentasjonen er at han ikkje forhold seg til det som er den realistiske og førekomande situasjonen, nemleg at eigedomen har *både* dyrka jord og beite. At ein eigedom som *berre har beite* ikkje nødvendigvis bør vera odlingsjord, kan enkelt og greit ikkje fungera som einaste argument for kvifor den eigedomen som også har dyrka jord (men ikkje 25 dekar), *ikkje* skal vera odlingsjord. Denne mangelen på samsvar mellom premiss og konklusjon er såpass påtakeleg, at han må vurderast nærare i det vidare lovarbeidet.

6. «Sjølvtendig driftseining» som lovgjevingspolitisk standpunkt

Høgsterett har i dommane sine stilt opp eit krav om at eigedomen sin odelsrettslege status skal vurderast med utgangspunkt i eigedomen som ei sjølvtendig driftseining. Det er viktig å få fram at dette er eit krav Høgsterett har laga til, og som neppe har dekning i relevant rettskjeldemateriale frå 1974. Dokumentasjon av dette har eg gjeve i det tidlegare nemnte manuskriptet *«Objektet for odelsrett og åsetesrett. Ein kritikk av Høgsterett sin praksis»*.

I *denne* samanhengen nemner eg kort synspunkt som kom fram då jordlova vart vedteken i 1995. Då vart den personlege driveplikta teken vekk for odelsrettshavar som overtek utanom løysingssak, jf. odelslova § 27 femte avsnitt. Grunngevinga var at lovgjevaren ville styrkja driftseiningane som dreiv med leigejord. Synspunktet var kort sagt at nokre bruk må vera leigejord for å få rasjonelle driftseiningar. Men lovgjevaren såg det betre å redusera driveplikta enn å bruka meir inngripande verkemiddel, sjå nærare Ot.prp. nr. 72 (1993-1994) Om lov om jord s. 69. Ein skulle då tru at odelsretten vart legislativt svekt for den eigedomen som hadde vorte, og burde verta verande leigejord. Men Departementet såg det ikkje slik. I staden heiter det:

«Den nye regelen vil gjere det lettare for den som har odelsrett eller åsetesrett å ta over slektsgarden. *Lempinga av driveplikta kan såleis gjera det lettare for den nye eigaren å sikre at eigedomen vert halden i slekta.* Endringa er difor etter departementet sitt syn *i samsvar med grunntanken i odelsretten*» – Ot.prp. nr. 72 s. 70 mi utheving.

Det poenget eg vil ha fram, knyter seg til Departementet si grunngeving i Høyringsnotatet s. 24. Det heiter der at «det er påregnelig at [... visse eiendommer] vil bli *drevet som selvtendige enheter også i fremtiden*» (mi utheving). Då er det viktig å peika på at det ikkje er noko i det tidlegare rettskjeldematerialet – om ein ser vekk frå dommane – som tilseier at dette skal det relevante vurderingstema. Departementet sitt synspunkt her ser eg difor som eit nytt og friare basert lovgjevingspolitisk synspunkt.

Det bør også nemnast kva for lite meiningsfulle utslag Høgsterett sin praksis har fått i samband med avgrensinga til eigedomen som ei «sjølvtendig driftseining». Ein nyare dom frå Gulating lagmannsrett, som Høgsterett ikkje ville fremja til ankebehandling, er eit illustrerande og etter mitt syn noko urovekkjande døme. (Sjå

dom 7. desember 2007, LG-2007-31473, jf. avgjerd i Høgsteretts ankeutval 22. februar 2008, HR-2008-367-U.)

Odelsrettshavaren til eigedomen Bahustræet utafor Bergen hadde overteke faren sin slektsgard, ein gard som ikkje låg langt frå Bahustræet, i år 2000. Bahustræet hadde mellom 55 og 66 dekar jordbruksareal. På slektsgarden dreiv odelsrettshavaren med mjølkeproduksjon i tillegg til svinproduksjon. Kona hadde fulltidsjobb på bruket, odelsrettshavaren sjølv hadde halv stilling. Dottera og svigersonen hadde jordbruksutdanning, og ville føra drifta vidare i framtida. Drifta var likevel mykje bygt på leigejord. Odelsrettshavaren ville løysa til seg Bahustræet for å styrkja det sjølvveigande arealgrunnlaget på hovudbruket, og for å kunna driva langsiktig og framtidsretta utvikling av jordbruket sitt. Det var ingen tvil om at Bahustræet på denne måten ville verta nytta til landbruksdrift i framtida.

Så kom lagmannsretten sitt enkle svar, som Høgsterett altså stilte seg bak:

«I relasjon til spørsmålet om en eiendom fyller kravene til odlingsjord i odelsloven § 1 krever rettspraksis imidlertid at driften må være en selvstendig drift av eiendommens egne ressurser. Eiendommen skal her vurderes som en selvstendig driftsenhet.»

Dette utgangspunktet tvinga odelsrettshavaren til å utarbeida ein alternativ driftsplan for i det heile å kunna nå fram med kravet om odelsløysing. Driftsplanen var då å gå i gang med tradisjonelt sauehald, noko som kravde investeringar i bygningane på eigedomen. Under desse føresetnadene kunne Bahustræet ikkje i tilstrekkeleg grad løna seg som sjølvstendig driftseining. Odelsretten var difor fallen vekk.

Realiteten i Høgsterett si tolking av odelslova § 23 jf. §§ 1 og 2 er då at ein reell, sannsynleg, føremålstenleg og på alle måtar ønskjeleg driftsplan, må definerast ut ved spørsmålet om eigedomen er odelsjord. I staden må driftsplanen erstattast med eit halvvegs fiktivt opplegg for drift, som det korkje er rasjonelt eller sannsynleg at odelsrettshavaren skal gjennomføra. Og på grunn av *dette* fell odelsretten vekk. Ein må seia at resultatet manglar ein kvar samanheng med odelsretten sitt føremål. Dessutan kjem resultatet heilt på tvers av den gjentekne, politiske prioriteringa som går ut på å etablera og sikra sterke, stabile driftseiningar i landbruket.

7. Kva meinest med «blir rekna som»?

Eg oppmodar Landbruksdepartementet om å gjera greie for kva som meinest med uttrykket «blir rekna som odlingsjord» i odelslova § 2. Skal dette uttrykkja ein presumsjon, slik at ein *kan* i særlege tilfelle tenkja seg at ein eigedom som er over storleiken, *ikkje* er odlingsjord? Viss meininga er å seia at «25 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord» er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for at noko *er* odlingsjord, bør dette seiast klårt. Viss ikkje kan ein koma i fare for at Høgsterett tolkar ordlyden «blir rekna som» på same måte *etter* lovendranga som *før*. Og grunnen til dagens uheldige rettstilstand, jf. Lid-dommen (avsn. 51), er akkurat at domstolen ikkje har følgt ordlyden i odelslova § 2.

8. Førebels konklusjon

Eg har her avgrensa meg til å få fram synspunkta som eg med det første ser som dei viktigaste. Eg er negativ til den føreslegne normeringa av odelsobjektet i odelslova § 2, fordi eg ikkje kan sjå spørsmålet tilstrekkeleg utgreidd. Det er her grunn til å stilla spørsmål ved saksgangen. Høyringsnotatet s. 25 opplyser at endringane «er justeringer av arealstørrelsene som tar sikte på en bedre samordning», og at ein skal koma tilbake til framlegga frå Odelslovutvalet; det som *her* skjer er berre «en justering innanfor odelslovutvalgets forslag». Dette er så langt eg kan sjå *ikkje riktig*:

Både fleirtalet og mindretalet i Odelslovutvalet byggjer positivt på eit addisjonssynspunkt av same type som odelslova har i dag, om enn med visse endringar. Sjå til det følgjande NOU 2003: 26 s. 92 ff: Fleirtalet seier at ein eigedom som har 40 dekar jordbruksareal er odlingsjord der «anna areal er minst 500 dekar». Mindretalet seier at ein eigedom med minst 20 dekar jordbruksareal er odlingsjord der «anna areal er minst 100 dekar». Og både fleirtalet og mindretalet presiserer at «[m]ed til arealgrunnlaget vert rekna eigedomen sin andel i realsameige».

Når så Departementet i Høyringsnotatet s. 25 seier at ein her ikkje tek sikte på noka «full høring» av Odelslovutvalet sitt framlegg, vert det slik eg ser det uheldig. Realiteten er at odelslova sin struktur vert vesentleg endra gjennom framlegget som ligg føre i Høyringsnotatet. På eit seinare tidspunkt kan det då verta vanskeleg å gjera endringar på fritt grunnlag, uavhengig av det som no eventuelt skal endrast. Spørsmålet om addisjonssynspunktet skal vera ein del av odelslova, og i kva for form, må difor etter mitt syn takast opp til vurdering no.

Vennleg helsing

Erlend Baldersheim